

Til kommunestyret i Radøy kommune

UAVHENGIG REVISORS ATTESTASJONSUTTALE OM REGLEMENT FOR FINANSFORVALTNINGA I KOMMUNEN

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gi betryggende sikkerhet, i forbindelse med Radøy kommunes reglement for finansforvaltninga 2016-2019.

Radøy kommunes ansvar for finansforvaltningsreglementet

Kommunestyret er ansvarlig for at finansforvaltninga er underlagt reglement fastsatt i samsvar med kommuneloven § 52 og forskrift av 9. juni 2009 om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for NKRF sine medlemmer, som inneheld uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggjande prinsipp om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsemd, fortrulegheit og profesjonell framferd.

I samsvar med International Standard on Quality Control 1 har Nordhordland Revisjon IKS et kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutinar for etterleving av etiske krav, faglige standardar og krav i gjeldande lovgiving og annen regulering.

Vår oppgåve

Vår oppgåve er å gi en uttale om reglement for finansforvaltninga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med sikkerhet i samsvar med den internasjonale standarden for attestasjonsoppdrag 3000 (ISAE 3000), *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, utgitt av International Auditing and Assurance Standards Board. Denne standarden krev at vi planlegg og gjennomfører dette oppdraget for å oppnå betryggende sikkerhet for at det ikkje føreligg vesentlige feil eller manglar ved kommunen sine regler for finansforvaltninga.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi betryggende sikkerhet i medhald av ISAE 3000, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for at reglementet er i tråd med kommuneloven og forskrift om finansforvaltning. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valde handlingane er gjenstand for revisors skjønn. Gjennomføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi betryggende sikkerhet, inneber også:

1. Med utgangspunkt i kommuneloven § 52 tredje ledd kontroll av at lova er innarbeidd i kommunen sitt reglement for finansforvaltninga, herunder at reglementet:
 - gjer det mulig for kommunen/fylkeskommunen å oppnå en tilfredsstillande avkastning gjennom forvaltninga
 - ikkje tillater en forvaltning som medfører vesentlig finansiell risiko for kommunen
 - har reglar om at forvaltninga må ta omsyn til at kommunen skal ha midlar til å dekke sine forpliktingar ved forfall.
2. Med utgangspunkt i § 4 i forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning kontroll av at reglementets innhald tilfredsstiller forskriftens krav, herunder at det omfattar forvaltninga av:
 - ledig likviditet
 - langsiktige finansielle aktiva
 - gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtaler

3. Med utgangspunkt i § 3 i forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning kontroll av at forskriftens regler om rammer for finansforvaltninga er tilfredsstillende ivaretatt i reglementet.

Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Vi meiner at det framlagte reglementet for finansforvaltninga tilfredsstiller kommunelovens og forskriftens krav.

Denne uttalen er utarbeida for det formål som er omtalt ovanfor og til kommunens informasjon, og skal ikkje nyttast til noko anna formål.

Isdalstø, 06.04.2016

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef